# Møteprotokoll

**Utvalg:** **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
**Møtestad:** Bondeheimen - møterom Storstova, Oslo
**Dato:** 20.11.2013
**Tidspunkt:** 17:00 – 19:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Mai Bakken | Leiar | |
| Ivar Kvalen | Nestleiar | |
| Vidar Eltun | Medlem | |
| Iselin Jonassen | Medlem | |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Arild Ingar Lægreid | Medlem | |
| Jørand Ødegaard Lunde | Medlem | |
| Frida Melvær | Medlem | |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Marie Helen H. Brandsdal | Arild Ingar Lægreid | Årdal kommune |

Merknader

Vararepresentantar for Frida Melvær og Jørand Ødegård Lunde var innkalla, men kunne ikkje møte

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Magnus Snøtun | Nasjonalparkforvaltar |
| Kari Sveen | Nasjonalparkforvaltar |
| Rigmor Solem | SNO |

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Mai Bakken    Iselin Jonassen    Ivar Kvalen

## Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| ST 39/2013 | Godkjenning av protokoll/innkalling | | |
| ST 40/2013 | Referatsaker | | |
| RS | Dispensasjon fra vernevedtak for motorferdsel - Forvaltningsmyndighet og praksis | | 2013/7553 |
| RS | Innspill forvaltningsplan Jotunheimen | | 2007/7734 |
| RS | Rapport registreringsarbeid apollosommerfugl - Tiltak i bestillingsdialog 2013 | X | 2012/7019 |
| ST 41/2013 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2014 | | 2013/7773 |
| ST 42/2013 | Eventuelt | | |

# ST 39/2013 Godkjenning av protokoll/innkalling

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 20.11.2013**

**Vedtak**

Sakliste og innkalling godkjent.

Møteprotokoll frå førre møtet godkjent.

Ivar Kvalen og Iselin Jonassen vart valde til å skrive under protokollen saman med leiar

# ST 40/2013 Referatsaker

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 20.11.2013**

| | |
|---|---|
| **Dispensasjon fra vernevedtak for motorferdsel - Forvaltningsmyndighet og praksis** | **2013/7553** |
| **Innspill forvaltningsplan Jotunheimen – FNF Oppland, spørsmål om utviding av verneområdet** | **2007/7734** |
| **Rapport registreringsarbeid apollosommerfugl - Tiltak i bestillingsdialog 2013** | **2012/7019** |

Referatsakene gjennomgått med utfyllande informasjon.

Brev i sakene 2013/7553 og 2007/7734 følgjer som vedlegg til protokollen.

Verken leiar eller nestleiar kan møte i samling hos Fylkesmannen 15. januar, der det er varsla at ein vil ta opp spørsmålet om dispensasjonspraksis – sjå kopi av brev.

**Vedtak**

Nasjonalparkstyret tek referatsakene til etterretning.

Angåande sak om dispensasjonspraksis i motorferdselsaker.
Vidar Eltun møter for NP-styret på samling hos Fylkesmannen15. januar 2014.

## ST 41/2013 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2014

### Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 20.11.2013

Rigmor Solem orienterte om status for steinsel i Guridalen og svara på spørsmål. Ikkje realistisk å få fullført heile restaureringa innan tilgjengelege ressursar, så tak bør prioriterast i første omgang. Søknadsbeløpet må høgdast, jf. oppdatert tiltaksskjema. Det er nødvendig å ha gode avtaler om framtidig bruk på plass før løyving av midlar.

**Vedtak**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar via elektronisk søknad til bestillingsdialogen 2014 til følgjande tiltak – jf. vedlagt forslag til tiltaksplan datert 12.11.13 og oppdatert i dagens møte (prioritet vist med nummer, 1-3 bak):

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

- Naturrettleiar - 2 sesongtilsette 1
- Sårbarheitsanalyse til besøksstrategi og forvaltningsplan 1
- Tilpassing av eksisterande informasjonstavle ved Eidsbugarden 1
- Nye mal for infoskilt ved hovudinnfallsportane. 1
- Nye skilt ved Juvasshytta 1
- Nye skilt ved Eidsbugarden 1
- Nye skilt ved Sognefjellshytta 1
- Nye skilt ved Gjendesheim 1
- Innsamling og presentasjon av stølshistorikken i Jotunheimen og Utladalen (på digital plattform). Vidareføring av MONA-prosjektet "I Gjendine Slålien sine fotspor" 2
- Lokal Turapp.
  Både merka ruter i verneområdet og lokale turar rundt turisthyttene. 2

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Ulike tiltak tilpassa områda over tid

- Besseggen. Tilrettelegging for å unngå skade på vegetasjon og landskap som følgjer av stor bruk. 1
- Langs Gjende mellom Memurubu og Gjendesheim 1
- Sjugurdstind - Memurubu. Oppstart og førebuing av større tiltak 2
- Ny bru over Maradøla som erstatning for gamal og nå farleg bru 2
- Ny bru over Utla (ved Maradøla) som erstatning for gamal og nå farleg bru. 2
- Ny bru over Fleskedøla – stokkbru 1
- Ny bru over bekk ved Morka-Koldedøla like før Vettisfossen - enkel stokkbru 1

Skjøtsel:

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) 1-2
- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) 1
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av gamle og rekruttering av nye styvingstre i heimre Utladalen 1
- Krattrydding Guridalen 1

- Styrt beite ved Gjendebu (geit) 1
- Styrt beite ved Gjendebu (storfe) 1
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet 1
- Slått av kve ved Gjendebu som kurs i tradisjonsformidling og biologisk mangfald 1
- Bidrag til tak på steinsel i Guridalen 3

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i førstkomande møte etter at tildeling av midlar er klart. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein måte som sikrar verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Bestilling av tenester frå SNO:

- Kartlegging og overvaking av rovfuglar
- Kartlegging og overvaking av fjellapollosommarfugl
- Førebuing og vedlikehald av styvingar av alm og lind
- Barnas naturoppsyn - skuleopplegg mot 7.klassar rundt verneområde

## ST 42/2013 Eventuelt

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 20.11.2013**

### Vedtak

Ingen saker til behandling under *Eventuelt*, men leiar Mai Bakken refererte brev til Miljøverndepartementet med synspunkt på Regjeringa sitt forslag til budsjett 2014 - Kap. 1400, Klima- og miljødepartementet, der det blir peika på følgjande:

> Stortinget har ved fleire høve signalisert eit sterkt ønskje om auka verdiskaping knytt til nasjonalparkane og andre større verneområde, jf «fjellteksten» og ny forvaltningsordning med lokale verneområdestyre. Dette skulle tilseie at ein også følgjer opp med ressursar for å gjennomføre ideen om naturbasert næringsutvikling. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen finn det derfor underleg at den nye regjeringa nå legg opp til ein vesentleg reduksjon ved å skjera ned på foreslåtte løyvingar til lokal forvaltning og verdiskapingsprogram – i staden for å styrke satsinga. Har regjeringa vurdert konsekvensane av å berre opprette eit forvaltningsapparat, utan å gje ressursar til livskraftig utvikling av distrikta?